



Rutine for kvalitetssikring og publisering av offentleg postjournal

Lovheimel: Saksdokument, journalar og liknande register for organet er opne for innsyn dersom ikkje anna følgjer av lov eller forskrift med heimel i lov. Alle kan krevje innsyn i saksdokument, journalar og liknande register til organet hos vedkommande organ.

Offentleglova §3

Lærdal kommune publiserar dagleg offentleg postjournal. Offentleg postjournal vert publisert med 2 dagar forseinking. Alle inngåande (I) og utgåande dokument (U) som er journalførde vert publisert. Organinterne notat (X,N) vert ikkje publiserte.

Arkivleiar har ansvar for å dagleg ta ut rapport frå Acos websak. Rapporten viser alle journalførde dokument på vald dato. Sakshandsamar er ansvarleg for eigne dokument, men arkivleiar har siste kontrollansvar før publisering og ser til at:

- Titteltekstane er gode jfr gjeldande skrivereglar i Acos websak
- Avsendar/mottakarfelt er riktig utfyllt
- Stavefeil
- Riktig klasseringskode
- Dokument som er unnateke offentlegheit skal vere graderte med riktig graderingskode
- Tekst/namn i tittelfelt skal ikkje identifisere personar i dokument som er unnateke offentlegheit. Dette gjeld også på saksnivå.

Dersom nokre av felta som er nemnt ovanfor er mangelfulle rettar arkivleiar, eller arkivleiar tek kontakt med sakshandsamar som rettar før publisering.

Etter kontroll vert DRUM starta. DRUM samlar og flettar alle journalførde dokument og publiserar på Lærdal kommune si heimeside etter journaldato. All fletting/publisering til offentleg postjournal skjer via DRUM. Dette gjeld også politikarportalen.

Lærdal kommune har valt å ikkje ha automatisk DRUM, men den vert sett i gong manuelt kvar dag etter kontroll av offentleg postjournal. Dette som ein del av kvalitetssikringa. Tilgang til DRUM Lærdal: Arkivleiar, arkivmedarbeidar og IKT rådgjevar.

Alle utgåande dokument, med vedlegg, ligg ute til direkte nedlasting for publikum. Såkalla fulltekstpublisering. Fulltekstpublisering medfører stor risiko for publisering av dokument, eller dokumentinnhald, som er unnateke offentlegheit.

Alle inngåande dokument ligg ute med kun open titteltekst. Såkalla journalpublisering. Dokumenta lyt publikum be om innsyn i. Journalpublisering medfører liten eller ingen risiko for publisering av dokument, eller dokumentinnhald, som er unnateke offentlegheit.

Avvik: Dersom det er avvik i offentleg postjournal og dokument eller dokumentinnhald som er unnateke offentlegheit vert publiserte rettar arkivleiar graderingskode raskt som råd og køyrer DRUM på nytt.

Avviket vert registrert i Compilo, og meldt til [Datatilsynet](#).

